

Vedtekter

for kyrkegardane / gravplassane på Osterøy



DEN NORSKE KYRKJA
Osterøy kyrkjeleg fellesråd

VEDTEKTER FOR KYRKJEGARDANE/GRAVPLASSANE PÅ OSTERØY

§ 1 ADMINISTRASJON

Kyrkjegardane står under Kyrkjeleg fellesråd sin administrasjon. Fellesrådet fører tilsyn med kyrkjegardane og har ansvaret for at dei lover og reglar som gjeld vert følgde.

§ 2 DRIFT

Kyrkjevevja er ansvarleg for den daglege drifta av kyrkjegardane. Kyrkjevevja fører gravprotokollar og kart, skriv ut festebrev, varslar når fredingstida går ut og når feste forfell til betaling, styrer gravlegat, tilviser graver, godkjenner gravminne og er den næraste overordna for dei tilsette ved kyrkjegardane.

Gravaren skal føre eit eiga sett gravprotokollar og kart. Ein gong for året samanliknar kyrkjevevje og gravar protokollar og kart, og eventuelle feil vert retta. Det skal noterast i bøkene at dei er samanlikna.

§ 3 FRIGRAV OG FESTEGRAV

Alle som er fastbuande i kommunen får fri gravstad. Andre kan få gravstad når fellesrådet gjev løyve, og mot å betala den avgift som er fastsett. Fredingstida for graver er 30 år. For urnegrav er fredingstida 25 år. På nyare gravfelt med god drenering er fredingstida 20 år for kiste og urne. Sjå liste under. Dersom ein ønskjer å ta vare på grava lengre enn fredingstida, kan grava festast av ein av dei pårørande, etter at dei i god tid på førehand er varsla om at fredingstida går ut. Dersom ikkje grava er festa – td. festet fornya – innan 6 månader etter forfall, fell grava tilbake til kyrkjegardsmyndigheten.

Når det er gått 60 år etter siste gravlegging, kan festet ikkje fornyast utan særskilt samtykke frå fellesrådet.

Ingen kan på førehand festa grav. Ved dødsfall kan det likevel festast særskild gravstad – dobbel grav – slik at det blir reservert grav for attlevande ektefelle, og etter søknad til fellesrådet, for andre nære slektningar der det fell naturleg. Ved feste av dobbel grav er den første grava fri grav slik det står ovanfor. Den grava som blir festa må ein betale ein fastsett sum for.

Det må ikkje gravleggjast andre enn festaren og ektefellen, slekt i opp- og nedstigande line, første sideline og like nær inngifte i ei festa grav, utan samtykke frå fellesrådet og festaren. Når festaren døyr, må arvingane bli einig om kven som skal overta festeretten.

Liste over gravfelt av nyare dato, med kortare fredingstid (20 år for kister og urner):

Bruvik kyrkjegard – Felt G11
Eidsviki gravplass – Felt A
Gjerstad kyrkjegard – G10 og G11
Hamre kyrkegard – G10, G11, G12 og G13
Hosanger kyrkjegard – Felt O
Mjøs gravplass – Felt A, B, C, D, E og F

§4 GRAVMINNE

Gravminne skal vera godkjende av kyrkjevevja før oppsetjing. Oppsetjinga skal bli utford av kyrkjegardsarbeidarane eller dei han gir særskild mynde. Dette kan tidlegast bli gjort eit halvt år etter at grav er opna. For gravminne gjeld følgjande hovudreglar: Til gravminne skal brukast materiale som er varige og krev lite vedlikehald. Gravminnet bør ikkje vera høgare enn 70 cm, breiare enn 75 cm og tjukkare en 60 cm. Inskripsjon og dekor skal stå i relieff 2-3 høgt (djupt). Lause bokstavar og dekor må vera forsvarleg festa. Tekst, dekor og symbolbruk skal vera sømeleg. Kyrkjevevja kan opne for skjønn, når det gjeld gravminne frå andre trus- og livssynssamfunn.

Ståande gravminne skal vera festa til eit fundament med to boltar. Fundamentet skal ha form og storleik som hindrar at gravminnet veltar, og skal i botnen ha ei anleggsflate som er minst det doble av gravmonumentet si anleggsflate. Fundamentet skal ikkje gå over bakken.

Dersom gravminne kjem i forfall og er til sjenanse eller fare for folk på kyrkjegarden, skal dei pårørande varslast med pålegg om å retta på dette. Dersom det ikkje vert gjort innan rimeleg frist, kan gravminnet leggjast ned og eventuelt fjernast. Når fredingstida eller festetida for grava er ute, kan gravminnet bli fjerna, dersom ikkje dei pårørande sjølve ønskjer å fjerna gravminnet.

§5 ANNA GRAVUTSTYR

Plantefeltet framfor gravsteinen må ikkje vera breiare enn 75 cm, og ikkje gå lenger fram enn 60 cm frå monumentet si bakkant. Det må ikkje plantast blommar eller busker som vert høgare enn monumentet eller går utover plantefeltet. Kyrkjevevja vil syta for at grav vert planert og tilsådd. Plantefelt som ikkje blir stelt kan såast til. Eventuell blomsterplate/innramming på gravene skal haldast i høgd med marka. Innramming med karmar, gjerde, hekkar og liknande er det ikkje høve til å nytta. Verdfullt gravutstyr skal ikkje fjernast, og gravminne og anna utstyr som er eldre enn 100 år må ikkje fjernast utan etter samråd med Riksantikvaren.

§6 STELL AV GRAV

Kvar har rett til sjølv å stella den gravstaden ein har ansvaret for etter dei reglar som gjeld, og den rettleiing som blir gitt av dei tilsette ved kyrkjegarden. Ein kan og få andre til å gjere dette arbeidet for seg. Kyrkjevevja kan og ordna med årleg planting og stell av gravane mot godtgjersle.

§ 7 KONTO FOR GRAVSTAD

Ved innbetaling av ein fastsett sum til ein konto, vil kyrkjevevja overta ansvaret for planting og stell av gravstaden. Kontoen blir forvalta av kyrkjevevja. Den innbetalte summen, vil dekkja utgiftene til vanleg stell av gravstaden for eit fastsett tidsrom. Slik konto kan ikkje opprettast for lengre tid enn 60 år frå siste gravlegging. Dersom det innan den fastsette tida oppstår endringar, slik at midlane ikkje strekk til, skal kyrkjevevja gje melding om dette til dei pårørande. Det er då høve til å auke summen på kontoen slik at denne varer tida ut. I motsett fall vil vedlikehaldet opphøyrå når midlane er oppbrukte. Dersom det er midlar att på kontoen når tida er ute, blir desse å nytte av fellesrådet til planting og stell av kyrkjegarden.

Kyrkjevevja fører eige rekneskap for kvar konto, som skal reviderast årleg. Av midlane er det høve til å rekna provisjon for administrasjon.

§8 LIKKISTER

Likkister som ikkje tilfredsstiller rimelege krav til styrke, tettleik, nedbrytingstid, utvendige mål, sømeleg utsjånad, td. ikkje eignar seg for kremering, kan nektast brukt. Det er ikkje høve til å nytta plast eller anna uforgjengeleg materiale i kister. Spesi-alkister som er brukt til lengre transport, kan berre gravsetjast mot at grava får dobbel fredingstid eller at kista vert gravsett djupare enn vanleg om det er mogeleg.

§ 9 URNER

Før gravsetjing skal urner stå i låst skap. Urner som blir sett ned, skal vera av forgjengeleg materiale. Urna kan berre settast ned når kyrkjevevje eller den kyrkjevevja har gjeve fullmakt , er til stades. Fellesrådet kan i særskilde høve gje samtykkje til å flytte ei urne.

§10 GRAVING

Ingen andre enn gravaren eller vikaren hans må ta opp graver. Gravferd må berre haldast ved fullt dagslys. Graving og avkastning må verta unnagjort før mørkret set inn.

§11 ANSVARSTILHØVE

Kyrkjegardsstyremaktene er ikkje ansvarlege for skade på graver og gravutstyr som følgje av naturhendingar, hærverk, tjuveri og liknande. Kyrkjegardsstyresmaktane er heller ikkje ansvarlege for skader som skuldast bruk av graver i nærleiken, med mindre det er synt aktlaus og uforsiktig framferd frå dei kyrkjegardstilsette.

§12 RO OG ORDEN

Det skal vere ro på kyrkjegarden. Leik eller annan støy er forbode. Køyring på kyrkjegarden må berre skje med samtykkje frå kyrkjevevja. Sykling er forbode, og lause hundar må ikkje takast med inn på kyrkjegarden. Mindre born må ikkje vera på gravplassen utan dei er saman med vaksne. Etter arbeid på gravene må alt avfall fjernast og leggjast på tilviste stader. Reiskap som høyrer kyrkjegarden til skal setjast på plass. Alle som har graver pliktar å retta seg etter pålegg frå kyrkjevevja.

§13 NEDLEGGJING AV KYRKJEGARD

Dersom ein kyrkjegard eller del av ein kyrkjegard vert nedlagt, kan ingen krevja erstatning for dei rettane som då fell bort.